



Tidlegare sjømannsprest, no sokneprest i Husnes prestegjeld, Reidar Ådnanes stod fram med eit godt og solid Jakob Sande program i Valen kyrkje.

Reidar Ådnanes si framføring om livet og diktinga til Jakob Sande samla over 100 personar i Valen kyrkje i kveld. Tidlegare sjømannsprest Ådnanes har alt som skal til for å meistra ei framføring som dette, - god songrøyst, god formidlar og forståing og respekt for dikteren sitt liv, ofte med naud og utanforkjensle.

Jakob Sande (1906 - 1967) kom frå Dale i Sunnfjord, eit klassesamfunn med embetsmenn, bønder, strandsitjarar og Nikka Vonen med sitt pedagogiske prosjekt. Med denne bakgrunnen og med ein far som var klokkar, fekk Sande alt i ungdomen eit kritisk blick på alle urettferd og undertrykking. Biletspråket i diktinga hans er henta frå naturen, Bibelen og sjømannslivet.



[Over 100 personar fann vegen til Valen kyrkje i kveld.](#)

Reidar Ådnanes si framføring med diktlesing, deklamasjon, monologar og føredrag er meisterleg formidling i ei kyrkje. Dei mest kjende dikta som Mariann - det bleike barnet, Aslaug Maria, Fløytelåt og Etter ein rangel er med i programmet. I tillegg vert vi kjende med mange meir ukjende dikt, jamvel lyrikk som ikkje er prenta før. Sande skriv ofte om dyr som lid. Innhaldet vert overført på menneske og til slutt på hans eige liv. Tema er at den som lid og er i naud, skal få oppreising. Her kjem nåden inn og i mange av dikta, finn vi mykje om at nåden er stor for alle.

Sande hadde til tider eit vanskeleg liv både som lektor i skulen, i familielivet og med alkoholproblem. Han skreiv om sin avskjed, ein nekrolog med klare tankar om naud og nåde, eit liv der det ikkje er skilnad på fattig og rik, overfor døden er alle like. I gravferda hans var det Hartvig Kiran som skreiv og framførde minnediktet om Jakob Sande.

Diktarkvelden i Valen kyrkje tok til med den kjende allsongen Vesle Daniel skal ut i verda, før vi fekk ei sterk framføring av påskesalmen Du som låg i natti seine.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal